



Arkivnr: 2014/11005-8

Saksbehandlar: David Aasen Sandved, Erlend Hofstad

### Saksframlegg

#### Saksgang

Utvil	Saknr.	Møtedato
Utvil for kultur, idrett og regional utvikling		06.12.2016
Fylkesutvalet		08.12.2016

### Forslag om freding av MIL Veteranstasjon, Lars Hilles gate 27. Høyringsfråsegn

#### Samandrag

Hordaland fylkeskommune ved Kultur- og idrettsavdelinga har i medhald av Lov om kulturminne § 15, jf. § 22 utarbeidd forslag til freding av MIL Veteranstasjon, Lars Hilles gate 27 i Bergen kommune.

Fredingsforslaget er no lagt ut til offentleg høyring. I fredingssaker som er førebudd av fylkeskommunen er fylkeskommunens politiske organ ein høyringsinstans.

Bensinstasjonen er bygd i 1928 og var i drift fram til 1998. I åra etter nedlegginga er stasjonen restaurert og tilbakeført til opphavleg utsjånad av frivillige krefter i Museumsgruppen i Statoil Norge AS og Statoil Detaljhandel AS. Bensinstasjonen er i dag ein karakteristisk og heilskapleg og sjeldan representant for dei tidlege bensinstasjonane i Noreg og for bilismen, ein sentral del av den moderne kulturhistoria.

#### Forslag til innstilling

Fylkesutvalet sluttar seg til fredingsforslaget for MIL Veteranstasjon, Lars Hilles gate 27. Fredinga vil gi eit varig vern til ein karakteristisk og heilskapleg representant for dei tidlege bensinstasjonane og bidra til ei meir representativ fredingsliste.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd  
kst. fylkesdirektør kultur og idrett

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

#### Vedlegg

- 1 Fredingsforslag
- 2 Kulturminnedokumentasjon

## Fylkesrådmannen, 15.11.2016

### Bakgrunn

MIL Veteranstasjon, Lars Hilles gate 27 er ein bensinstasjon i den sørlege delen av Bergen sentrum. Stasjonen vart bygd i 1928 for Norsk Brændselolje AS og var i drift fram til 1998 under merka MIL, BP, Norol og Statoil. 1998-2005 vart bensinstasjonen restaurert og tilbakeført til opphavleg utsjånad av Museumsgruppen i Statoil Norge AS og Statoil Detaljhandel AS, med tidlegare riksantikvar Stephan Tschudi-Madsen som støttespelar. Stasjonen framstår i dag nærmest som eit privat, lite museum og veteranbilverkstad. Selskapet Circle K Norge AS (tidlegare Statoil Fuel & Retail Norge AS) er eigar.

Bensinstasjonen består av eit pumpeområde med to bensinpumper og tak over, ein liten bygning med ekspedisjonslokale i bakkant av pumpeområdet, og opne køyre- og serviceareal ramma inn av murer på begge sider. I kjellaren under stasjonsområdet er det eit verkstadlokale med tilkomst via ei innkøyrsle på baksida. Bensinstasjonen er bygd i betong og pussa mur og teikna av arkitekt Sverre Losnedahl i 1920-åras nyklassistiske formspråk.

I 2011 vart bensinstasjonen mellombels freda av Hordaland fylkeskommune, på bakgrunn av eit høgt utbyggingspress i området og at eigaren vurderte avhending. Det er ein føresetnad at eit mellombels fredingsvedtak vert følgt opp av ei ordinær fredingssak. Fylkeskommunen meldte oppstart av fredingssak i 2013 og har utarbeidd det forslaget til fredingsvedtak som no ligg føre. I samsvar med kulturminnelova § 22 nr. 2 vert det sendt på høyring til partane i saka og lagt ut til offentleg ettersyn. Saman med høyringsmerknadene vert forslaget så lagt fram for kommunestyret, før det – med eventuelle justeringar på bakgrunn av høyringane – vert sendt over til Riksantikvaren, som fattar fredingsvedtaket. I fredingssaker er det soleis Kultur- og idrettsavdelinga som førebur saka for Riksantikvaren, medan fylkeskommunens politiske organ i denne samanhengen er ein høyringsinstans.

### Vurdering

MIL Veteranstasjon, Lars Hilles gate 27 er arkitektonisk og kulturhistorisk verdifull som ein karakteristisk og heilsakleg representant for dei tidlege bensinstasjonane i Noreg og for 1920-åras nyklassistiske arkitektur. Bensinstasjonen vitnar om framveksten av bilen som eit viktig kommunikasjonsmiddel og av næringer og verksemder knytt til bilismen.

Freding etter kulturminnelova er det sterkeste verkemiddelet kulturminneforvaltinga har for å sikra at nasjonalt viktige kulturminne vert tekne vare på for ettertida. I Stortingsmelding nr. 16 (2004 – 2005) *Leve med kulturminner* er det slått fast som eit strategisk mål for kulturminnepolitikken at «et representativt utvalg av kulturminner og kulturmiljøer som dokumenterer geografisk, sosial, etnisk, næringsmessig og tidsmessig bredde skal gis varig vern gjennom fredning». Stasjonen i Lars Hilles gate er i dag eit sjeldsynt døme på dei tidlege bensinstasjonane. I oppbygging, funksjonar og formspråk er stasjonen representativ for 1920-talets bensinstasjonar i Noreg. Av dei mange bensinstasjonane frå mellomkrigstida er berre ein liten del bevart, og av desse er mange prega av seinare ombyggingar. Bilen er eit av dei sentrale kulturtrekka i det det moderne samfunnet, men kulturminne knytt til dette er underrepresentert på fredingslista. Det same gjeld arkitektur frå det 20. hundreåret meir generelt. Fredinga vil difor vera eit bidrag til ei representativ fredingsliste, noko som er eit hovudperspektiv i den nasjonale fredingsstrategien som Riksantikvaren har utarbeidd.

Generelt er det ein føresetnad for eit godt og berekraftig vern at kulturminna er i bruk. Som nærmast eit lite museum og samlingsstad for frivillige interesserte har stasjonen fått ein ny bruksverdi. Dersom det av omsyn til bruken er trond for mindre tilpassingar av bygningen, vert det opna for dette gjennom den ålmenne moglegheita i freda kulturminne til å gi dispensasjon for mindre vesentlege inngrep. Riksantikvaren har understreka dette aspektet ved å føreskriva ein løysingsorientert dispensasjonspraksis (jf. «Enklere og raskere dispensasjonsbehandling av tiltak på byggverk, anlegg mv. fra nyere tid, områder og kulturmiljøer som er fredet i medhold av kulturminneloven. Rundskriv - 27.09.2013 (endret 20.05.2014)»).